

Berekraft verkstad

26.-29. mai 2021

Me inviterer til energiforum i Kabuso. Der blir fleire spørsmål i det komplekse terrenget *berekraftigomstilling* tekne opp på ulikt vis. Arrangementer er eit samarbeid mellom Universitetet I Bergen, Bergen Energy Lab, med Kristin Gulbrandsen Frøysa (energidirektør på UiB) og Kabuso.



Kabuso fredag 28. mai

Kl. 8.30-10.00

Energi for framtida – i Noreg og Europa

Fagseminar organisert av Bergen Energy Lab (UiB)

Diskusjonane går høgt omkring vindkraft på land, kraftkabler til utlandet og potensialet for meir norsk vasskraft.

Har ein ny fiende (vindkraft) gjort vasskraft meir akseptabel for folk? Bør hustaka i Kvam dekkjast med solcellepanel?

I Europa skjer ei stor omlegging til fornybar energiproduksjon, der solceller og vindkraft (både på land og til havs) spelar hovudrolla. Omlegginga er eit klimatiltak, men det er også andre gode grunnar for denne omlegginga. Me går inn på nokre av dei.

Me ser også på utviklinga i det norske kraftsystemet framover. Desentralisert kraftproduksjon er eitt utviklingstrekk, sterkare integrasjon i det europeiske kraftsystemet er eit anna.

Ope for alle med interesse for fornybar energi. Det er sett av god tid til spørsmål.

Bergen Energy Lab er eit samarbeid mellom Universitetet i Bergen, Norges Handelshøyskole, NORCE, Høgskulen på Vestlandet og fleire andre private og offentlege aktørar. Hovudmålet er å dela kunnskap om fornybar energi og energiomstilling.

Kl. 19.00

Framtidsforum i Kvam herad

FN sine mål for berekraft er verdas felles arbeidsplan for å utrydda fattigdom, kjempa mot ulikskap og stoppa klimaendringane innan 2030. Korleis kan me i Kvam arbeida for å nå desse måla?

Føredrag og samtale

Professor Finn Gunnar Nielsen, Bergen Offshore Wind Centre/UiB:

Kor mykje straum treng me eigentleg?

Paradigmeskiftet i energisektoren - fortalt gjennom Finn Gunnar Niensens historie frå petroleumsindustrien til havvind og fornybar energi generelt.

Energidirektør Kristin Gulbrandsen Frøysa, UiB:

Frå berekraftpins til handling

Me treng eit varmt hjarta og ein klar hjerne for å nå FN sine berekraftsmål. Kva er viktige tiltak og kva er symbolhandlingar? Kva bør me prioritera i samfunnet og som privatpersonar?

Me må bruka ressursar som energi, mat og råstoff på ein betre måte enn me gjer i dag. Men er det naudsynt å gjera alt riktig for å nå måla?

Instituttleder Peter Andersen, Inst. f. geografi/UiB

Kan me redda klimaet med kortreist tradisjonsmat?

Matproduksjonen står for rundt 25% av verdas klimautslepp, og pandemien viser korleis det globale matsystemet kan rammast av uføreseielege kriser. Tradisjonsmat som graut, lokal fisk og gryterettar kan ha langt lågare utslepp enn dagens kjøtbaserte hurtigmat. Samstundes finns det ingen gratis lunsj, og ikkje all lokal mat er like klimavennlig. Korleis kan me som forbrukarar bidra gjennom dagleg matlaging? Korleis kan me bygga og vedlikehalda respekt og vitskap om råvarer og kompetanse i matvegen?

Kvelden rundast av med mingling og open kafé.

Forumet er del av Berekraftverkstad på Storeteigen med Margrethe Kolstad Brekke (tekstilkunstnar), Jon Gjerde (verdsmeister i akrobatisk hangglider) og Martin Andersen (kunstnaren bak Solspeilet på Rjukan).